



ÅRSRAPPORT 2019

— Mangfold, motivasjon og meistring —



HELSING FRÅ STYRELEIAR

Dette skrives i slutten av April 2020 og vi er alle opptatt av koronaviruset som fremdeles preger hverdagene våre. Hele Norge har vært stengt ned i flere uker. Vi er alle blitt bedt om å holde oss mest mulig hjemme og holde to-meters avstand når vi er ute blant folk. Det har vært mye fokus på hvordan forhindre at smitten sprer seg i befolkningen.

Vi har klart situasjonen bra i Norge. Vi fryktet stor spredning av viruset her i landet også, men pga restriksjonene som regjeringen sammen med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet la opp til, og som er blitt fulgt, har vi klart å holde smitten i sjakk. Nå åpnes samfunnet gradvis opp igjen og det blir spennende å se hvordan smitteutviklingen blir.

Koronaviruset har påvirket aktiviteten på Haugland senteret også. Vi holdt lenge åpent for pasienter, men etterhvert som alt annet stengte rundt oss fant vi det ikke forsvarlig å holde åpent lenger. Vi stengte og sendte pasientene hjem til tross for at det ikke var smitte på senteret. Det var godt for oss å merke at pasientene faktisk ønsket å bli. De var fornøyd med oppholdet og ville gjerne bli ut tiden.

Uten pasienter tok de ansatte tak i andre nødvendige oppgaver. Kvalitetssikring og kompetanseutvikling var fokus for de som fikk hjemmekontor. Andre tok tak i forefallende arbeid ved senteret. Vedlikehold av utstyr, oppgradering av uteområdet og turstier og nedvask av fellesareal og pasientrom. Innsatsviljen til de ansatte var formidabel, men tilslutt var det ikke lenger mulig å opprettholde den alternative aktiviteten. Det var med tungt hjerte styret vedtok å permittere deler av staben.

Men kreativiteten som administrasjonen har vist ved flere anledninger slo til ved Hauglandsenteret igjen. Nå planlegges det for bruk av video i behandlingen av enkelte av pasientgruppene. Hvis alt går etter planene, regner vi med ha den første gruppen til fjernbehandling via video allerede i mai.

Vi har samarbeidet godt med både Helse Vest og sykehuset i Førde i hele denne perioden.

2019 var et godt år for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Vi har motiverte medarbeider og lavt sykefravær. De ansatte deltar i ulike nettverk med tanke på videreutvikling av senteret. Det legges vekt på at de ansatte opprettholder egen kompetanse og at de får videreutvikle seg innen senterets satsingsområder.

Avtalen som vi inngikk med Helse Vest i 2014 om levering av spesialiserte rehabiliteringstjenester er forlenget fra 2020 til 2022. Vi har i hovudsak tilbud om rehabilitering til voksne over 18 år, men fra 2018 er det også åpnet opp for å kunne gi tilbud til barn innen de diagnosegrupper vi har avtale på. I 2019 hadde vi to gruppetilbud til barn som var behandlet for kreft.

Det vil bli satset videre på fjord, fjære og sjøaktiviteter selv om vi nå ikke vet hvordan pasienttilgangen blir utover sommeren. Vi tenker fremover.

Pasienttilgangen har vært god. I 2019 hadde senteret 25 113 oppholdsdøgn fordelt på 1397 opphold. Gjennomsnittsalderen på pasientene er 50 år, og det er flest kvinner. De fleste kommer fra Helse Vest sitt område. Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter ser lyst på fremtiden selv i disse koronatider.

Elsbeth Sande Tronstad
Styreleiar



Foto: L. Meier

MED FOKUS PÅ AKTIVITET OG DELTAKING

I skrivande stund er det svært stille her i bukta på Haugland. All pasientbehandling er for tida avvikla, og dei fleste studentane på UWC er reist heim. Covid- 19 har sett sitt preg på samfunnet, og det er i slike situasjonar at ein verkeleg tenker over verdien av det ein har. Eit rehabiliteringssenter utan pasientar gir lita meining, og vi gjer det vi kan for å få starte opp igjen så fort som mogleg.

Til vanleg er det i underkant av 1300 pasientar som kvart år får tilbod om tverrfagleg, intensiv og spesialisert rehabilitering på senteret. Vi opplever at dei fleste som kjem her, er innstilt på å sjølv ta aktiv del i eigen rehabiliteringsprosess og at dei er motiverte for å kome i gang med endringsprosessar som kan vere svært krevjande. Som direktør er det trygt å vite at vi har bygd opp god tverrfagleg breidde og høg kompetanse på våre tilsette. Når pasientane i tillegg rapporterer at dei opplever å bli involvert i å sette mål og utforme rehabiliteringsopplegget, er det all grunn til å tru at dei aller fleste får eit godt tilbod mens dei er her. Dei tverrfaglege teama arbeider også systematisk med å førebu pasientane på tida etter opphaldet og samhandlar godt med lokale aktørar om oppfølginga av den einskilde pasient.

Aktivitet og deltaking er to omgrep som er viktige for oss som arbeider med rehabilitering. Vi jobbar målretta for at pasientane får auka si deltaking i samfunnet etter endt behandling. Tilbakeføring til arbeid er sentralt, men også det å auke deltaking på fritida. Difor arbeider vi kontinuerleg med å etablere og vidareutvikle samarbeid med frivillige organisasjonar. Idrettskrinsane er sentrale i dette, saman med Turistforeninga og lokale turlag, Røde Kors og andre humanitære/ frivillige organisasjonar.

Satsinga vår på sjøaktivitetar gjer til at vi har hatt særleg fokus på å vidareutvikle samarbeid med sær-idrettane innan roing, vasski og wakeboard, kajakk og seiling dei siste åra. Para-idrettsdagen som vart arrangert i samarbeid Hordaland og Sogn og Fjordane Idrettskrins og ro-forbundet, var eit vellukka arrangement som ga pasientar og brukarar i nærområde moglegheit til å prøve ut ei rekke med ulike tilpassa vann-sportsaktivitetar. Dette er eit arrangement som vi håper å kunne få til kvart år framover.

Til slutt vil eg og nytte høvet til å takke tilsette for det pågangsmotet og lojaliteten dei har vist i desse «Korona-tiden». Eg er trygg på at den innsatsen som er lagt ned dei siste vekene vil kome komande pasientar til gode. No ser vi fram til å få kvardagen tilbake og å kunne ta inn pasientar på senteret. Det skal bli godt å fylle bukta på Haugland med aktivitet og glede igjen.

Haugland, april 2020

Inger Johanne Osland
Adm.dir



Foto: A. Hartveit

STYRET

STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2019 hatt 7 medlemmar og 2 varamedlemmar

Elsbeth Sande Tronstad, styreleiar
Børre Jacobsen, nestleiar
Bjørn Lied Tønnesen, styremedlem
Aud Viken, styremedlem
May Aasebø Hauken, styremedlem
Aage Ness, styremedlem (repr. for tilsette)
Henning Mjanger, styremedlem (rep. for tilsette)

Vara:

Jofred Åsnes
Jøril Hovland



Foto: A. Hartveit

BRUKARUTVALET



Foto: A. Hartveit

BRUKARUTVALET

Brukarutvalet har i 2019 hatt 4 medlemmar og 3 varamedlemmar.

Ivar Halland, styreleiar
Hørselshemmedes Landsforbund
Sogn og Fjordane

Øystein Ryningen
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane

Kari Ann Holme
MS Forbundet Sogn og Fjordane

Gerd Torkildsen
Blodkreftforeningen Sogn og Fjordane

Vara:
Synnøve S. Engen
Hørselshemmedes Landsforbund
Sogn og Fjordane

Hjørdis Åsnes
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane

Stein Magne Aksnes
Kreftforeningen Hordaland

ÅRETS PENSJONISTAR



Dagrun Y. Igelkjøn, Jofrid E. Løseth, Odd Jarstad og Aage Ness.
Foto: A. Hartveit

I den travle førjulstida fann kring 40 tilsette tid til å ha litt sosialt samvær saman med gode arbeidskollegaer. Med eit julepynta Bekkerhus var det ein fin kveld for å markere pensjonistane våre. I alt fire av våre tilsette nådde alderen til å gå av med pensjon rundt år-skiftet og dette var eit høve til å få takke alle fire for lang og tru teneste på senteret.

Dei fire pensjonistane var:

Odd Jarstad, Dagrunn Igelkjøn, Jofrid Løseth og Aage Ness

Vi ønsker alle lukke til med pensjonistlivet.

LITEGAIT - GANGOPPLÆRINGSAPPARAT

For nokre av våre pasientar kan eit av måla med rehabiliteringa vere å forbetre gangfunksjon. Gangtreningsapparatet «Litegait» er eit godt egna hjelpemiddel for dette. Det var stor glede både blant dei tilsette og pasientane då vi på hausten gjekk til innkjøp av ein Litegait. Apparatet kontrollerer vektbæring, haldning, og balanse og kan nyttast som hjelpemiddel både med gange på golv eller på tredemølle. Vi ser fram til at endå fleire pasientar skal få bruke dette hjelpemiddelet i si trening av gangfunksjon.



Foto: A. Hartveit

PARAIDRETTS DAG

7. - 8. September arrangerte vi paraiddrettsdag saman med Sogn og Fjordane Idrettskrins. Hordaland idrettskrets deltok, og Norges ro-forbund kom og hadde med seg konkurransebåt som ein kunne prøve. Barn, unge og vaksne fekk mogelegheit til å prøve ut ulike sjøaktiviteter som kajakk, robåt, kano, vasski og SUP Brett. Aktivitetane vart tilrettelagt for ulike funksjonsnivå.

Vi er svært glade for alle som kom, og at så mange hadde lyst til å prøve ut ulike aktiviteter. Det vart også grilling og god stemning på land.



Foto: L.Meier

TRAINEE INNAN MARKNADSFØRING OG KOMMUNIKASJON



Alle traineeane i Framtidsfylkets traineeordning. Her er gjengen samla for traineesamling på Haugland. Foto: I. Flugsrud

Vi er for første gong med i traineeordninga til Framtidsfylket og har tilsett Andrea Hartveit som skal bistå oss med marknadsføring og kommunikasjon. Med bakgrunn frå Høyskolen Kristiania, der ho har fullført sin bachelorgrad i marknadsføring og salsleiing var ho klar for å ta fatt på oppgåva som venta.

Vi såg at senteret hadde eit stort marknadsføringspotensiale, men at det mangla formell kompetanse på området. Ved å tilsette ein trainee innan marknadsføring og kommunikasjon kan ein arbeide meir målretta og strategisk med dette feltet. Andrea har tatt fatt på oppgåver som utarbeiding av kommunikasjonsstrategi og årsrapport, produksjon av innhald til heimeside og sosiale medium, utarbeiding av grafisk materiale til ulike formål, samt planlegge og gjennomføre ulike marknadstiltak.

Som trainee er ho ein del av Framtidsfylkets traineeordning. Ho skal delta på fem traineesamlingar i 2019/2020, saman med dei andre traineeane som er tilsett i offentlege og private bedrifter i Sogn og Fjordane. På samlingane er det fokus på erfaringsutveksling frå jobbkvardagen, teambygging og andre tema som kan vere nyttige når ein er ny i jobben. Eigenutvikling er ein sentral del av det å vere trainee. I tillegg vektlegg Framtidsfylket at traineeane skal få bli kjent med næringslivet i Sogn og Fjordane, samtidig som det sosiale og friluftssaktivitetar er ein viktig del av samlingane.

Vi er glad for å ha fått anledning til å bli ein del av Framtidsfylket si traineeordning. Gjennom denne ordninga får kompetente unge ressursar som er nyskjerrig på arbeidslivet og på det fylket har å tilby. Andrea er ein flott trainee som i stor grad bidrar med sin kompetanse innan marknadsføring og salsleiing og som også representerer senteret på ein flott måte.



Foto: M. Gald

NYTT REHABILITERINGSTILBOD - VESTIBULÆR SJUKDOM

RKHR starta i november 2019 opp med eit nytt gruppetilbod til pasientar med vestibulære sjukdommar. Vestibulære sjukdommar er sjukdommar som rammar balanseorganet, balansenerven eller forbindelsane denne nerven har i hjernen.

Forsking viser at vestibulær rehabilitering har ein positiv innverknad på symptom knytta til sjukdommar i balanseorganet i det indre øyret. Tilbodet er utarbeidd i samarbeid med Nasjonal kompetanseteneste for vestibulære sjukdommar.

Fire pasientar deltok på det første gruppeopphaldet på senteret. Opphaldet vart gjennomført med god støtte frå Nasjonalt kompetansesenter for vestibulære sjukdommar. Tilbakemeldingane var svært positive og vi fekk også gode innspel på korleis vi skal vidareutvikle tilbodet.

Dette er ei pasientgruppe som lenge har etterspurt eit rehabiliteringstilbod. Pågangen for å kunne få plass på eit av våre gruppetilbod er svært stor, og alt i byrjinga av dette åra var det behov for å utvida tilbodet med enda fleire gruppeopphald. Vi har no planlagt for at 30 personar med vestibulær sjukdom skal kunne få eit tilbod hjå oss i løpet av 2020.

«Eg føler eg har
vunne i lotto som
fekk bli med her»

– Ellen S. Korbøl



Bilete henta frå artikkelen i Firda, der Ellen Susanne Korbøl og Ellen Tangenes fortalte om sin positive oppleving frå Haugland. Foto: Firda

KJELL OLAV OG TREKKSPELET



Foto: A. Hartveit

Før Kjell Olav kom til Haugland hadde han gitt opp å spele instrument på grunn av svekka handmotorikk som følge av Parkinson sykdom. Ein samtale med doktor Fismen skulle endre dette totalt.

Eit halvt år etter Kjell Olav fekk diagnosen Parkinson reiste han på sitt første rehabiliteringsopphald på Haugland. Han hadde då seld trekkspellet sitt, fordi han ikkje lengre klarte å spele grunna sjukdommen. Dette fortalte han i legetimen med doktor Fismen. Kjell Olav fortel at han då fekk eit svært ærleg svar, noko han sette pris på. Doktor Fismen var nemleg fast bestemt på at Kjell Olav skulle spele!

Kjell Olav fortel at han vart veldig inspirert og motivert etter samtalen, og gjekk rett å bestilte seg eit trekkspel. Han seier at den motivasjonen han fekk gjorde at han bestemte seg for at dette skulle han klare. Når han kom heim frå rehabiliteringsopphaldet låg trekkspellet å venta på han, og etter dette har det både blitt nytt keyboard, mikrofon, høgtalar og eit flett nytt elektronisk trekkspel. Han seier at blandinga av sterk motivasjon frå rehabiliteringsopphaldet og gode medisiner, har gjort det mogleg å fortsette med musikken. Musikken gjev meg stor glede i kvardagen fortel Kjell Olav.

Tidlegare i år entra han scena for første gong på 28 år, då han spelte på årsmøte til Sogn og Fjordane Parkinsonforening. Dette gav meirsmak og Kjell Olav har vore på scena fleire gonger etter dette. I sommar spelte han opp til dans i dottera sitt bryllup, og nyleg spelte han for medpasientar på Haugland Rehabiliteringssenter. «Det er min måte å gje litt tilbake på» seier Kjell Olav.

REHABILITERING AV BARN MED KREFT

I samarbeid med barneavdelinga på Haukeland universitetssjukehus starta ein i 2017 eit prosjekt for å utvikle eit rehabiliteringstilbod for barn som har gått gjennom behandling for hjernesvulst. Dette som ein del av senteret si satsing på å utvikle tilbod også til barn. Prosjektet er avslutta og barneopphald er blitt ein del av det faste tilbodet.

I 2019 har vi hatt to gruppeopphald på to og ei halv veke for barn og ungdommar saman med deira pårørande. Deltakarane var i alderen 5 til 17 år og kom frå kommunar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Hovudmålet med opphalda er at borna skal oppleve meistring og betre fysisk, sosial og kognitiv funksjon. I løpet av opphalda, som i 2019 var i mai og september, fekk borna delta på varierte aktivitetar både inne og ute. Borna viste stor glede over å delta på dei ulike aktivitetane, som inkluderte klatring, vanntilvenning/svømming, leik/trening i gymsal, aktivitetar på fjorden, baking m.m. Det å vere saman med andre born i same situasjon er også noko som blir trukket fram som svært viktig med eit rehabiliteringsopphald.

I tråd med opplæringslova, fekk borna også tilbod om opplæring med fokus på basisfaga norsk, matematikk og engelsk med lærar frå Dale vidaregåande skule. I tillegg til dette laga studentar ved UWC aktivitetssopplegg til borna på kveld og helg, som var svært populært.



Faggruppa knytt til rehabilitering av barn som har gjennomgått kreft.
Foto: A.Hartveit

Parallelt med borna sitt tilbod, fekk pårørande tilbod om undervisning om seineffektar etter kreftbehandling, fatigue og fysisk aktivitet/trening samt introduksjon til kognitiv terapi. Dei deltok også på gruppesamtalar med fokus på mellom anna ulike rettigheter, ivaretaking av søsken og eigenomsorg. Pårørande fekk også tilbod om individuell rettleiing i høve korleis dei best kan ivareta barnet sine behov ut i frå dei aktuelle utfordringane dei møter i kvardagen med sitt barn.



UTDANNINGSINSTITUSJON

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er godkjent som utdanningsinstitusjon gr. II for legar i spesialisering innan fysikalsk medisin og rehabilitering. I 2019 har Malgorzata Tveit vore tilsett i utdanningsstillinga.

Vi har teke i mot to turnuskandidatar i fysioterapi og 20 studentar i praksis fordelt på faggruppene; fysioterapi, ergoterapi, idrett og sjukepleie. I tillegg har vi hatt elevar som går helsefagutdanning i praksis.

Vi hadde litt færre studentar i praksis i 2019 enn det vi hadde i 2018. Det har vore ein liten reduksjon i tal sjukepleiestudentar. I 2019 vart det mest interesse for tilbodet vårt til parkinsonspasientar.

I 2019 HAR VI HATT STUDENTAR FRÅ FØLGJANDE SKULAR:

- Høgskulen Vestlandet, campus Bergen, avd. for fysioterapi
- Høgskulen Vestlandet, campus Bergen, avd. for ergoterapi
- Høgskulen Vestlandet, campus Førde, avd. for sykepleie
- Høgskulen Vestlandet, campus Sogndal, avd. for idrett
- Høgskulen i Trøndelag, avd. for sykepleie
- Norges idrettshøgskule
- Universitetet i Sørøst-Norge, avd. for friluftsliv
- Dale vidaregåande skule, avd. for helsefag
- Måløy vidaregåande skule, avd. for kjøkken
- Fagskolen Hordaland, avd. for helse

NETTVERKSARBEID

I 2019 HAR VI DELTATT AKTIVT I:


- Kjernenettverk innan arbeidsretta rehabilitering
- Kjernegruppa for helsesportssentra
- Nasjonalt nettverk for Uterehabilitering
- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programkomite for regional forskingskonferanse
- Arbeidsgruppa for «Møteplass innan rehabilitering i Sogn og Fjordane»
- Nettverk for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling



KOMPETANSEUTVIKLING

Tilsette ved senteret har i 2019 delteke på 51 ulike kurs, konferansar eller vidareutdanningar. 47 % av all tid brukt på kurs/konferanse/vidareutdanning er direkte knytt til satsingsområda våre. I tillegg kjem andre relevante fagområder som m.a. arbeidsretta behandling, kognitiv funksjon, lunge, ernæring, rygg, og aktuelle rehabiliteringskonferansar som utgjør om lag 18 % av dagane brukt på kurs.

Det er ei god fordeling på faggrupper i høve kursdeltaking på helseavdeling, medan drift kun har delteke på eit kurs. Samla har vi hatt tilsette på kurs i 172 dagar. Dette talet inkluderer ein tilsett som har teke vidareutdanning i Kognitiv terapi, ein tilsett som har teke Helseinformatikk og to tilsette som har teke vidareutdanning i Prosjektleiarprosessen - PLP.



HOSPITERING

Fagpersonar som kjem på hospitering, kjem i hovudsak frå sjukehus eller kommunar. Det er flest fysioterapeutar frå kommunane og flest legar frå sjukehusa. I 2019 var det fire ulike hospiteringsopphald, på to av hospiteringane deltok det fleire fagpersonar. Vi ser at det i 2019 var betydeleg færre personar på hospitering enn det vi hadde i både 2018 og 2019.

Dei som kjem på hospitering er i tillegg til å vere interessert i å få innblikk i korleis vi arbeider med rehabilitering, ofte også interesserte i spesifikke deler av tilboda våre. I 2019 var det nevrologi og då særleg tilbodet til parkinsonpasientar det var mest interesse for.

DRIFSAVTALAR

Senteret har driftsavtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester.

Avtala omfattar totalt 21 212 døgn og 250 dagar. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Svulstar
- Endokrine sjukdommar, ernæringsjukdommar og endokrine forstyringar
- Sjukdommar i nervesystemet
- Sjukdommar i øyre og øyrebeinskute
- Sjukdommar i muskel- og skjelettsystem og bindevev - kroniske muskel og blautdelsmerter
- Sjukdommar i sirkulasjonssystemet, - hjerneslag
- Osteogenesis Imperfecta
- Multiple Osteokondromer/ Olliers sjukdom

Frå 2019 har vi også gitt tilbod med pasientar med:

- Vestibulær sjukdom

Vi har i hovudsak tilbudd rehabilitering til vaksne over 18 år, men frå 2018 vart det også opna opp for å kunne gje tilbod til barn innan dei diagnosegrupper vi har avtale på. I 2019 hadde vi to gruppetilbod til barn som var behandla for kreft.


Avtalen vart hausten 2019 forlenga til ut 2022.

Arbeidsretta behandling


Avtala innan arbeidsretta behandling er ei aktivitetsbasert avtale som gjeld for eit år om gangen. Hausten 2019 fekk vi melding om at avtala er forlenga ut 2022. Avtala omfattar totalt 4185 døgn og 1400 dagar, dvs 13 døgnplassar og 4 dags-plassar.

DIAGNOSEFORDELING


Fordeling av pasientar etter ytelse	Tal 2019	Avtale m/ Helse Vest
Arbeidsretta behandling	18%	16%
Skader - hjerneskader	1%	4%
Hjerneslag	4%	5%
Sjukleg overvekt	10%	12%
Øyre og øyrebensknute	2%	2,5%
Muskel skjelett- bindevev, revmatiske	40%	28%
Nevrologi	19%	20%
Svulster	6%	11%
Fått ARR (ikkje kvalifisert under RT-Avtale)	2%	




PASIENTSAMANSETTING



Når det gjeld fordeling på kommunar var det flest pasientar frå:



I 2019 var pasientane tilvist frå:



Frå spesialisthelsetenesta var det Helse Bergen/Haukeland som tilviste flest pasientar (260 søknader). Helse Førde/Førde sjukehus tilviste til saman 152 pasientar.

1256

PASIENTAR FRÅ TOTALT


88

KOMMUNAR HAR VORE HER
PÅ REHABILITERING I 2019

EPIKRISETID

For å sikre kontinuitet og god oppfølging, har vi som mål om at alle epikrisene skal være sendt ut innan sju dagar etter pasienten har reist. Epikrisetida i 2019 har vore ganske stabil frå månad til månad, men hadde ein dypp i mai og ein i november. Dette er ein trend vi kjenner igjen frå tidlegare år.


88% av epikrisene vart sendt innan 7 dagar. Talet er høgare enn tidlegare år.



SUBJEKTIV VURDERING AV ENDRING

Patients' Global Impression of Change scale (PGIC), måler pasienten sitt overordna inntrykk av endring i eiga helse.

78% av pasientane har svara på PGIC i 2019. 86,5% av pasientane opplever betring av eiga helse ved avreise, 10% rapporterer ingen endring og 3,5% opplever forverring av helse i løpet av opphaldet.




LIVSKVALITET

Det er eit mål for oss at eit rehabiliteringsopphald skal føre til auka livskvalitet for pasientane. For å kartlegge dette, nyttar vi skjemaet EQ-5D-5L, der fem ulike kategoriar vert kartlagt ved ankomst og ved avreise. Vi ser størst framgang innan kategoriane Vanlege gjeremål, Smerter/ ubehag og Angst/ depresjon.

Pasientane blir og bedt om å vurdere kor god eller dårlig helsa er i dag, på skala frå 0-100, der 100 er best. Gjennomsnittsscore hos pasientane aukar frå 50 ved ankomst til 58 ved avreise.

Det var 692 pasientar som svarte på skjemaet både ved ankomst og avreise. Dette utgjør 55% av pasientane ved senteret.



ENDRING I PSYKISK HELSE

Det vart gjennomført test for angst og depresjon både ved ankomst og avreise for alle pasientane. 94 % av pasientane har blitt kartlagt for angst og depresjon ved ankomst og 86,5 % har svara ved avreise. Av desse var det 56 % som fekk skår innan normalområdet for angst ved ankomst og 69 % som skåra innan normalområdet på depresjon ved ankomst.


24 % av pasientane skårer moderat til alvorleg angst ved ankomst. Ved avreise ser vi ein reduksjon i angstsår til 14,5 % av desse pasientane. Det er noko mindre endring i gruppa som har milde symptom. Her er det ein reduksjon på 1 % (frå 20 % til 19 %)

	Angst ankomst	Angst avreise	Depresjon ankomst	Depresjon avreise
Normal	56 %	66 %	69 %	78 %
Mild	20 %	19 %	26 %	15 %
Moderat	18 %	11 %	3 %	6 %
Alvorleg	6 %	4 %	2,5 %	1,5 %


BRUKAREVALUERING

Senteret gjennomfører systematisk måling av brukertilfredsheit både kvalitativt og ved elektronisk spørjeundersøking. Den elektroniske spørjeundersøkinga består av 39 spørsmål med gradering frå ein til fem, der fem er beste score. I 2019 var det 79,99% av pasientane som svarta på brukarundersøkinga.


VART DU TATT IMOT PÅ EIN GOD MÅTE?




VERKA INSTUTISJONEN FØREBUDD PÅ AT DU KOM?




MØTTE BEHANDLARANE DEG HØGFLEG OG MED RESPEKT?




OPPLEVDE DU AT BEHANDLARANE TOK BEKYMRINGANE DINE PÅ ALVOR?




HAR DU TILLIT TIL AT BEHANDLARANE VAR FAGLEG
DYKTIGE?




VAR DU OG BEHANDLARANE DINE EINIGE OM
MÅLA FOR OPPHALDET?




OPPLEVDE DU AT BEHANDLARANE SAMARBEIDA
GODT OM REHABILITERINGSOPPHALDET DITT?




OPPLEVDE DU AT BEHANDLARANE FORBEREDTE
DEG GODT PÅ TIDA ETTER UTSKRIVINGA?



VAR DU FORNØGD MED TIMEPLANEN FOR
AKTIVITETANE DINE UNDER OPPHALDET?



ALT I ALT, KOR FORNØGD ER DU MED TILBODET DU
FEKK PÅ REHABILITERINGSINSTITUSJONEN?



Årsmelding for 2019

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale om arbeidsretta behandling. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2019 er positivt med kr. 6 253 826,-. Bokført egenkapital er auka frå kr. 23 090 335,- til kr. 29 334 161,-

3. Framtidig utvikling

Aktivitet og drift har vore stabilt aukande over dei seinare åra. Sentralt i driftsgrunnlaget er hovudtala med Helse Vest RHF som no er forlenga til å gjelde fram til 31.12.2022. Denne avtala omfattar kring 75% av omsetninga i selskapet. Avtala med Helse Vest knytt til arbeidsretta behandling er også forlenga fram til 31.12.2022. Selskapet avventar svar på søknad om skattefritak.

I desember oppsto utbrot av Korona-virus, men dette fekk ikkje konsekvensar for selskapet før mars 2020. Ut frå signal frå helsemyndigheitene og ei heilskapsvurdering av situasjonen, vart all pasientbehandling avvikla 20.03.20. Det var ikkje registrert virusmitte på senteret. Dei månadlege overføringane frå Helse Vest vert oppretthaldt og likviditeten i selskapet er såleis sikra. Helse Vest har bedt organisasjonen førebu seg til å vere i beredskap for Helse Førde. Korleis denne situasjonen vil påverke økonomien, er avhengig av i kva grad Helse Førde vil nytte ressursane på senteret.

4. Framleis drift

Styret meiner at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjeden så lenge ein har driftsavtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittrisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2019 var på 6,4%. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

7. Likestilling og diskriminering

Tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret var 75. Gjennomsnittleg tal tilsette var 90, av dette var 22 menn og 68 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlem, to menn og fem kvinner.


Selskapet praktiserer likestilling mellom kjønna og diskrimineringslova sine formål er oppfylte i det daglege. Styret har soleis ikkje funne det påkrevd å sette i verk spesielle tiltak på desse områda.

8. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.

Flekk, 31.03.20



Elsbeth Sande Tronstad
Styresleder


Berre Jacobsen
Nestleder


Aud Alice Viken
Styremedlem


Bjørn L. Tønnessen
Medlem


May Ingeborg Hauken
Styremedlem


Katrine G. Hjertholm
Styremedlem


Charlotte Sofie Systad
Styremedlem


Inger Johanne Bergund Osland
Daglig leder

	2019	2018
KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER		
Resultat før skattekostnad	8 017 275	4 028 836
Periodens betalte skatt	-1 165 478	-1 681 648
Ordinære avskrivninger	1 115 499	1 126 400
Nedskrivning finansielle anleggsmidler	0	200 000
Pensjonskostnad uten kontanteffekt	-824 708	665 690
Endring i varelager	-24 843	6 099
Endring i kundefordringer	-932 977	593 710
Endring i leverandørgjeld	330 904	-366 794
Endring i andre tidsavgrensningposter	-2 886 191	-15 648 205
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	3 629 480	-11 075 911

	2019	2018
KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-1 961 694	-1 129 916
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak	-47 546	-125 769
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-2 009 240	-1 255 685

	2019	2018
KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER		
Utbetalinger ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	-10 879
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	-10 879

	2019	2018
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter	1 620 240	-12 342 475
Beh. av kont. og kontantekvivalenter	1 595 057	13 937 532
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. slutt	3 215 297	1 595 057

DRIFTSINNTEKTER
OG DRIFTSKOSTNADER

	2019	2018
Driftsinntekter	76 158 863	73 850 178
Annen driftsinntekt	2 419 737	2 659 373
Leieinntekt	460 727	522 702
Sum driftsinntekter	79 039 327	77 032 254
Varekostnad	3 209 279	3 146 064
Lønnskostnad	45 765 004	46 816 642
Ordinær avskrivning	1 115 499	1 126 400
Annen driftskostnad	21 624 926	22 240 746
Sum driftskostnader	71 714 708	73 329 852
Driftsresultat	7 324 619	3 702 402

FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Renteinntekt fra foretak i samme konsern	685 211	523 179
Annen renteinntekt	7 916	16 926
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	0	-200 000
Annen rentekostnad	-471	-13 671
Netto finansresultat	692 656	326 434
Resultat før skattekostnad	8 017 275	4 028 836
Skattekostnad	-1 763 449	-1 116 380
ÅRSRESULTAT	6 253 826	2 912 456

OVERFØRINGER

Overført til/-fra annen egenkapital	6 253 826	2 912 456
Sum overføringer	6 253 826	2 912 456

Balanse

EIENDELER	2019	2018	EGENKAPITAL	2019	2018
Anleggsmidler					
Imaterielle eiendeler			Innskutt egenkapital		
Utsatt skattefordel	1 802 199	2 070 919	Aksjekapital	2 558 312	2 558 312
Sum immaterielle eiendeler	1 802 199	2 070 919	Sum innskutt egenkapital	2 558 312	2 558 312
Varige driftsmidler			Opptjent egenkapital		
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	909 646	1 002 758	Annen egenkapital	26 785 849	20 532 023
Maskiner og anlegg	243 400	328 100	Sum opptjent egenkapital	26 785 849	20 532 023
Transportmidler	593 314	94 300	Sum egenkapital	29 344 161	23 090 335
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	2 845 859	2 320 866	Gjeld		
Sum varige driftsmidler	4 592 218	3 746 024	Avsetning for forpliktelser		
Finansielle anleggsmidler			Pensjonsforpliktelser	8 438 712	9 263 420
Investeringer i aksjer og andeler	721 905	674 359	Sum avsetninger for forpliktelser	8 438 712	9 263 420
Sum Finansielle anleggsmidler	721 905	674 359	Kortsiktig gjeld		
Sum anleggsmidler	7 116 323	6 491 303	Leverandørgjeld	2 431 127	2 100 223
Omløpsmidler			Betalbar skatt	1 494 729	1 165 478
Varer	304 553	279 710	Skyldige offentlige avgifter	3 132 070	3 087 700
			Annen kortsiktig gjeld	4 262 797	5 098 077
			Sum kortsiktig gjeld	11 320 723	11 451 478
			Sum gjeld	19 759 435	20 714 898
Fordringer			SUM EGENKAPITAL OG GJELD	49 103 596	43 805 233
Kundefordringer	994 198	61 220			
Andre kortsiktige fordringer	428 000	1 649 017			
Fordring på selskap i samme konsern	37 045 226	33 728 926			
Sum fordringer	38 467 423	35 439 164			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3 215 297	1 595 057			
Sum omløpsmidler	41 987 273	37 313 931			
SUM EIENDELER	49 103 596	43 805 233			

Flekke, 31.03.2020



Elisabeth Sande Tronstad
Styreleder


Berre Jacobsen
Nestleder


Aud Allee Viken
Styremedlem


Bjørn L. Tønnesen
Medlem


May Jacobsen Hauken
Styremedlem


Katrine G. Hjertholm
Styremedlem


Charlotte Sofia Systad
Styremedlem


Inger Johanne Bergsmo Osland
Daglig leder

Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge.

Generelle innteks- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk. Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper. Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Note 2 - Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Lønnskostnad	2019	2018
Lønn	37 622 724	36 164 330
Folketrygdavgift	4 401 892	4 390 104
Pensjonskostnader	4 350 393	5 523 368
Endring i pensjonsforpliktelsene	-824 708	665 690
Andre ytelser	214 703	73 150
Sum	45 765 004	46 816 642

Antall årsverk	75	77
----------------	----	----

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	1 019 983	167 576
Annen godtgjørelse	7 760	-

Ytelse til revisor, inkl. mva	2019	2018
Revisjon	91 625	73 750
Teknisk regnskapsbistand og oppsett likningspapir	13 875	12 875
Andre tjenester	25 000	9 625

Note 3 - Varige driftsmidler

	Bygg	Inventar, utstyr, maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01	2 202 221	11 343 072	13 545 295
Tilgang	53 405	1 908 289	1 961 695
Avgang	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12	2 255 626	13 251 361	15 506 987
Akk. avskrivninger 01.01	1 214 480	8 584 790	9 799 270
Årets avskrivninger	131 500	983 999	1 115 499
Akk. avskrivninger 31.12	1 345 980	9 568 789	10 914 769
Bokført verdi pr. 31.12	909 646	3 682 572	4 592 218
Økonomisk levetid	10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Linær	Linær	

Note 4 - Aksjekapital, aksjonærinformasjon og egenkapital

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

	Aksjonærene		Totalt antall aksjer
	SFRK EIGEDOM AS	SFRK EIGEDOM AS	
Antall	2 500 000	58 312	2 558 312
Klasse	A	B	
Pålydende	1	1	
Eierandel	97,7%	2,3%	100%
Stemmeandel	100%	0	100%

Spesifikasjon av egenkapital	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 01.01	2 558 312	20 532 023	23 090 335
Årets resultat		6 253 826	6 253 826
Egenkapital 31.12	2 558 312	26 785 849	29 344 161

Note 5 - Leigeavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med 7 594 752.

Note 6 - Tilknyttet selskap i samme konsern

Mellomværende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr 31.12	2019	2018
Annen godtgjørelse	37 045 226	33 728 926

Selskapet er deltaker i konsernkontoordning med morselskap Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Fordringen er i sin helhet som følge av konsernkontoordningen.

Note 7 - Bankinnskudd, kontanter og lignende

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetreksmidler med kr 1 674 069.

Note 8 - Skattekostnad

Spesifikasjon av skattekostnad:	2019	2018
Betalbar skatt	1 494 729	1 165 478
Endring i utsatt skatt	268 720	-49 098
Skattekostnad	1 763 449	1 116 380

Avstemming skattekostnad	2019	2018
Resultat før skatt	8 017 275	4 028 836
Nominell skattesats	22 %	23 %
Forventa skattekostnad	1 763 801	926 632
Skatteeffekten av:		
Permanente forskjeller	-352	95 616
Endring i skattesats	-	94 133
Skattekostnad	1 763 449	1 116 380
Effektiv skattesats	22 %	28 %

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2019	2018
Driftsmidler	-441 760	-790 958
Kundefordringer	688 655	641 109
Pensjonsforpliktelser	-8 438 712	-9 263 420
Netto utsatt skattefordel / -forpliktelse	-8 191 817	-9 413 269
Netto utsatt skattefordel (-) / forpliktelse i balansen (+)	-1 802 199	-2 070 919
Benyttet skattesats	22%	22%

Selskapet har søknad om skattefritak til behandling hos skattemyndighetene.

Note 9 - Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktelser

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenstepensjon etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven. Selskapet har en ytelsesbasert pensjonsordning for sine ansatte. Ytelsesbaserte ordninger gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forpliktelsene er fondert gjennom et forsikringselskap. Pensjonsordningen medfører en regnskapsmessig forpliktelse som er balanseført i regnskapet. Den balanseførte forpliktelsen inkluderer også avtalefestet pensjon (AFP).

	2019	2018
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	6 447 705	6 783 735
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	1 148 822	939 833
Avkastning på pensjonsmidler/ aktuariel gevinst	-1 507 318	-1 248 901
Periodisert arbeidsgiveravgift	669 571	716 186
Administrasjonskostnad	227 496	281 807
Netto pensjonskostnad	6 986 276	7 472 660

Antall personer omfattet av ordningen	2019	2018
Aktive	84	97
Pensjonister	17	13
Totalt	101	110

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2019	2018
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Forventet lønnsregulering	2,25 %	2,75 %
Forventet pensjonsøkning	1,24 %	1,73 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	2,00 %	2,50 %
Forventet avkastning på fondsmidler	3,80 %	4,30 %

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2019	2018
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Forventet lønnsregulering	2,25 %	2,75 %
Forventet pensjonsøkning	1,24 %	1,73 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	2,00 %	2,50 %
Forventet pensjonsøkning	3,80 %	4,30 %

Til generalforsamlingen i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS' årsregnskap som viser et overskudd på kr 6 253 826. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noteopplysninger til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av regnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i regnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med dem som har overordnet ansvar for styring og kontroll blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om andre lovmessige krav*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Førde, 31. mars 2020
Deloitte AS



Leif Kilnes

statsautorisert revisor



Rehabiliteringssenter

+ Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter